

PPT leiar frontar utviklingsarbeid

19.11.2017

Av: Haldis Lauksund

Publisert: 10.11.2017 07:30

Oppdatert: 10.11.2017 08:00

PPT leiar frontar utviklingsarbeid

I tidsskrifta Spesialpedagogikk 05/17 kan me lesa Jannecke Fjeldtvedt sin artikkel om utviklingsarbeid i pedagogisk-psykologisk teneste.

I artikkelen skriv Fjeldtvedt om utviklingsarbeid som skal gjera tenesta i stand til å fylla mandat og forventningar i stateleg føringar, og stå fram som ein relevant og sentral aktør i arbeidet med å gje alle barn og unge fagleg og sosial kompetanse i utviklande og trygge læringsmiljø.

Jannecke Fjeldtvedt har jobba i PP-tenesta i 20 år og har master i spesialpedagogikk frå UiO. Artikkelen er skreve som ei oppgåve i samband med spesialistutdanning for pedagogisk-psykologiske rådgjevarar i regi av Utdanningsforbundet, og omtalar det arbeidet som er gjort i PPT for Stord og Fitjar.



Tidsskrifta er den einaste norske tidsskrifta innanfor feltet og har ei sentral rolle i formidling av forskningsresultater og utvikling på det spesialpedagogiske verkefelt.

Bilete: Jannecke Fjeldtvedt.